Styremøte SBTK 3 juni 2013

Referat frå styremøte i SBTK den 3 juni 2013

Tidspunkt: 19:30. Stad: Møterom i Stavanger Idretthall.
Til stades: Sissel Leffmann, Jørn Martinsen, Kjell Reidar Søiland, Rune Skretting, Roald Lygre
Referent: Roald Lygre

1. Konstituering av styret/fordeling av oppgåver.

Me diskuterte litt omkring oppgåvefordeling, vart enige om at me må jobba vidare med dette på neste møte. Fordeling så langt:

Roald - Formann. Oppgåver: Arrangera styremøte
Roy - Nestformann
Kjell - Kasserar
Rune - Sekretær.
Sissel -
Jørn -
Trond -

2. Informasjon/kommunikasjon
Stikkord. Korleis halda medlemmene informert om aktivitetar
Strategi:
2.1. Alt skal på websida, som artikkel. Alle i styret må kunna leggja ut artiklar på http://sbtk.org
2.2. Posta link til artikkelen på på facebooksida; https://www.facebook.com/stavangerbtk
2.3. E-post for all informasjon til medlemmer. Må laga lister slik at ein kan nå alle medlemmer, og for styret (er klar: styret@sbtk.org). Legg eks her. Rune og Roald ordnar dette.
2.4 "Terminliste for SBTK", med dei aktivitetane me planlegg å vera med på (Roald opprettar på websida).
2.5 Oppdatera "Styret informerar" (Roald tek første runde). Få med informasjon om lisens/turneringar.

3. Neste sesong
Aktivitetsnivå: Er avhengig av at me har nok trenarar. Me kan driva marknadsføring for å få inn nye medlemmer når me har fått trening for nybyrjarane i gjenge.

3.1 Treningar/halltid: Rune finn fram informasjon som Kjetil har sendt ut om tidene me har fått for neste sesong.

3.2 Trenarar
Vidarekomne: Lubo har ansvar på 8-10 på kvar trening, om dei faste ikkje er der tek han med frå nybyrjargruppa. Roald skal få tak i kontrakta som vart teikna med Lukasz så me kan sjå på noko liknande med Lubo.
Nybyrjarar: Mandag + torsdag: Ein vaksen trenar bybyrjarane 1,5 timar. Treng 10 vaksne, ein som kan organisera det.
Rune lagar forslag til opplegg som den som har nybyrjartreninga kan følgja.
Rune og Roald vil laga opplegg for å registrera dei som er på trening, med formål om å få registrert nye som medlemmer. Me vil prøva å ta i bruk ballroboten på kvar mandag/torsdagstrening, men treng nye ballar for å kunna gjera det; une bestiller 300 ballar.
Tysdag: Fri trening/spel
Kjell minner om at me skal få inn politiattest for alle som trenar dei unge.

3.3 Fastsetja treningsavgift; Blir 700 for komande sesong.

3.4 Turneringar
Støtte til turneringar og seriespel: Tek dette opp på første møte til hausten.

3.5 Seriespel

Har plassar: 2. div, 3. div, (for 4. og 5. div er det påmelding til hausten)
Spelarar: 2. Div: Lubomir, Jørn, Alex, Kjell. Reserve: Roy/Henning
3. Div: Trond, Mikael, Andrej. Reserve: Roy/Henning
4 - 5: Må telja opp når treninga startar etter sommaren.

4. Eventuelt

Lubo får støtte til overnatting på Lia-kixen.
Sommaravslutning: Me tenkjer på det til neste møte.

Saker for neste møte

-Avtale/kontrakt med Lubo
-Brev frå revisor.
-Siddistreffen
-Reising til turnering.

Neste styremøte: Måndag 17 juni kl 19:00 i hallen.

Publisert av Google Disk – Rapporter misbruk – 5Oppdateres automatisk hvert . minutt